

Til Lindås kommune  
v/driftseining LOAS varmtvass terapibasseng

Knarvik 7. Oktober 2019

### Lindås Revmatikarlag - Bruk av LOAS varmeterapibasseng i Nordhordlandstunet

Vi har i Lindås Revmatikarlag fleire badegrupper som bruker LOAS-badet til bading ein varmtvassterapi-time i veka. For mange av våre medlemmer er dette badetilbodet i eit terapibasseng eit svært viktig helseførebyggjande tiltak vi som organisasjon kan tilby . Trening i **varmtvassbasseng** er viktig for personar med revmatiske sjukdomar. Regelmessig trening i varmtvassbasseng gir mindre smerter, mindre trøtthet, redusert stivhet og auka dagleg aktivitet.

LOAS- bassenget held imidlertid sjeldan tilstrekkeleg temperatur som for et terapibasseng minimum skal være 34 gr C. Dette er difor for oss revmatikarar ikkje et fullgodt tilbod som varmtvatn-basseng.

Vi har utført temperaturmålingar våren 2019 og no også for deler av hausten 2019 og det er berre unntaksvis at bassenget held 34 gr C, sjå temperaturkurve målt i bassenget i denne perioden i diagrammet under.

**Vårt hovudkrav er difor no å utfordra kommunen på å finne fram til gode driftsløysingar for å få temperaturen i bassenget opp på 34 gr C.**


Lindås Revmatikarlag har i tillegg til utgifter i form av bassengleige til kommunen også kostnader med instruktørar og lovpålagte livredningskurs for dei av våre medlemmer og andre som brukar bassenget.

Vi har for vårsemesteret ikkje meldt inn tal på våre badegjester og heller ikkje betalt for bassengleige, då vi meiner det ikkje er levert eit badetilbod til oss med riktig driftstemperatur 34 gr C.

Vi vil derfor no i dialog med kommunen diskutere kva tiltak ein kan gjere for at bassenget i framtida kan levere rette driftstilhøve.

For styret i Lindås Revmatikarlag  
Eivind Blindheim (nestleiar)

Kopi: Ordfører i Lindås Astrid Byrknes Aarnes, Bente Orlen Westervik



NRF NORSK REVMATIKERFORBUND  
Lindås Revmatikarlag

Beskytter:  
Prinsesse Mærtha Louise